



# FRAMANDSPRÅKSENTERET

## NASJONALT SENTER FOR FRAMANDSPRÅK I OPPLÆRINGA

### Engelsk og framandspråk i vidaregåande opplæring 2012-13

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa, Notat 2/2013

I dette notatet ser vi nærmare på val av språkfag i studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. Elevar som vel studieførebuande, har engelsk som fellesfag på Vg1 og fellesfag framandspråk på Vg1 og Vg2. Elevar som ikkje har framandspråk på vitnemålet frå ungdomstrinnet, har òg framandspråk som fellesfag på Vg3. Mange skular tilbyr i tillegg til fellesfaga òg engelsk, framandspråk og/eller andre språkfag som programfag innanfor programområdet for språk, samfunnsfag og økonomi.

#### Engelsk

Engelsk er obligatorisk på Vg1, men vidaregåande skular tilbyr som regel programfaget internasjonal engelsk til dei elevane som ynskjer å halde fram med engelsk etter at fellesfaget er avslutta. I internasjonal engelsk-gruppene finn me elevar frå Vg2 og Vg3 på studieførebuande utdanningsprogram samt elevar frå yrkesfaglege utdanningsprogram. På landsbasis er det ca. 10 000 elevar som har internasjonal engelsk. Dette talet har vore stabilt lenge, og faget er blant dei største programfaga i vidaregåande opplæring. Elevar som har fullført internasjonal engelsk, får ofte moglegheit til å fortsetje med samfunnsfagleg engelsk eller engelskspråkleg litteratur og kultur på Vg3. Samfunnsfagleg engelsk viser stabile tal og har om lag 4500 elevar på landsbasis, mens ligg rundt 1600 elevar og syner ein nedgåande tendens.

#### Fransk, spansk og tysk

Skulane sitt tilbod innan framandspråk er som regel avgrensa til fransk, spansk og/eller tysk, og det inneber at nesten alle elevar som har framandspråk som fellesfag er registrert på eitt av disse tre språka.<sup>1</sup> Spansk er størst, om lag 44 % av elevane får opplæring i dette språket. Rundt 37 % av elevane lærer tysk, og ca. 17 % har fransk. Endringane er små jamført med førre skuleår.


I vidaregåande opplæring blir framandspråk tilbode på nivå I og nivå II, og fordelinga av elevane på dei ulike nivåa er ikkje lik for dei tre store språka (sjå figur 1).

- Elevar som held fram med same språk som dei hadde på ungdomsskulen, har framandspråk på nivå II. Andelen nivå II-elever er størst på fransk (71 %) og minst på tysk (55 %), mens spansk tek mellomposisjonen (63 %).
- Elevar som har fullført faget på ungdomstrinnet, kan også bytte til eit anna språk på nivå I. Bytte av språk er ofte friviljug, men i nokre tilfelle blir fagbytte naudsynt – t.d. om den vidaregåande skulen som eleven går på, ikkje tilbyr språket ho/han hadde i ungdomsskulen. Det er relativt mange elevar som har bytta frå fransk eller spansk til tysk – 22 % av alle elevar med tysk er registrerte på nivå I. Av dei som har spansk som framandspråk, har 18 % faget på nivå I og av dei som har fransk ligg talet på 16 %.
- Elevar som *ikkje* har framandspråk på vitnemålet frå ungdomstrinnet, må ta framandspråk på nivå I+II over tre år. Mange stader dannar dei ei felles gruppe med elevane som har bytta dei to første åra og utgjør ei eige nivå II-gruppe siste året.

<sup>1</sup> Basert på tal frå Utdanningsdirektoratet. Sjå òg Utdanningsdirektoratet (2013). *Fagvalet til elevane i vidaregåande opplæring skoleåret 2012/2013*. Oslo.


Også i denne kategorien er tysk relativt set størst, 23 % av elevane som har tysk er registrert på nivå I+II. Spansk ligg på 19 % og fransk på 13 %.

Større skular har i røynda både fransk, spansk og tysk på nivå II, samstundes som dei ofte berre har eitt språk på nivå I. Eit blikk på tala syner at det gjerne er tysk som blir tilbode til dei elevane som bytter språk og til dei elevane som skal ha faget over tre år, mens franskgruppa som regel består av elevar som har hatt faget på ungdomstrinnet og som fortset på nivå II.



Figur 1. Fordelinga av fransk-, spansk- og tyskelevane på nivå I, nivå II og nivå I+II.

Talet på elevar som vel å helde fram med fransk, spansk eller tysk som programfag på nivå III på Vg3, altså etter at dei har avslutta fellesfaget, aukar vidare i skuleåret 2012-13. I alt er det 1244 elevar som er registrert på nivå III i disse tre språka: 298 på fransk, 301 på tysk og 645 på spansk. Sjølv om det framleis er snakk om små grupper mange stader, er det no nivå III-elevar i nesten alle fylke.



Figur 2. Talet på elevar som har fransk, spansk eller tysk på nivå III.

### **Andre framandspråk enn fransk, spansk og tysk**

Nokre skular, særleg i dei store byane, tilbyr litt uvante og gjerne meir krevjande framandspråk som fellesfag og/eller programfag. I Oslo er delar av dette tilbodet lagt til ettermiddagen, slik at elevar frå skular i heile byen kan delta i undervisinga. Disse språka blir tilbode i tillegg til fransk, spansk og tysk<sup>2</sup>:

- Italiensk. Nesten 500 elevar på om lag ti skular landet rundt har italiensk som fellesfag eller programfag, i hovudsak på nivå I, nivå II eller nivå I+II. Nivå III er nesten fråverande fordi det ikkje finst ungdomsskuler som gir opplæring i italiensk.
- Russisk. Språket til vårt store naboland i aust har passert dalbotnen, talet på russiskelevar ligg no igjen rundt 300. Også her finn me ei lita gruppe elevar som har faget på nivå II. Russisk blir undervist på skular i Finnmark og Troms, men også i Oslo-området.
- Kinesisk. Talet på kinesiskelevar aukar merkbart, og det er no ca. 300 ungdomar på ei rekke skular rundt om i landet som får opplæring i mandarin. Ei lita gruppe elevar i Trondheim har fellesfag kinesisk på nivå II etter å ha fullført kinesisk nivå I på ungdomsskulen.
- Japansk, koreansk og arabisk. I alt ca. 250 elevar lærer eitt av dei «fjerne» framandspråka arabisk (Oslo og Stavanger), japansk (Bergen og Oslo) eller koreansk (Oslo). Særleg japansk er eit populært språk, sannsynleg på grunn av den store interessa for japansk kultur blant mange unge.
- Finsk, samisk og teiknspråk. Nokre få skular gir elevane sine moglegheit til å lære eitt av dei norske språka finsk, (nord)samisk eller teiknspråk som framandspråk. Dette er som regel skular som har mange samisk-, finsk- eller teiknspråklege elevar. Det er ca. 200 elevar med finsk eller samisk (i Finnmark og Troms) og ca. 100 elevar med teiknspråk (i Bergen og Trondheim) som fellesfag eller programfag.

### **Andre programfag innan språk**

Programområdet for språk, samfunnsfag og økonomi omfattar ei rekke andre språkfag som blir tilbode på eit avgrensa utval skular: antikkens språk og kultur, reiseliv og språk og kommunikasjon og kultur. Det er litt fleire enn 1000 elevar som har reiseliv og språk, og fleirtalet av desse har reiseliv og språk 1. Kommunikasjon og kultur, som omfattar faga kommunikasjon og kultur 1 og påbyggjingsfaga kommunikasjon og kultur 2 eller 3, har i alt litt over 2000 elevar. Fleirtalet har førstnemnde fag.

Antikkens språk og kultur er eit mykje utsatt fag, alt i alt er det berre ca. 100 elevar som tek gresk, latin eller antikkens kultur. Det er flest elevar på latin, men det er berre ei handfull (katedral)skular som opprettheld tradisjonen med å tilby dette faget. Gresk var fråverande lenge i tala, men i år er det igjen ein skule som gir opplæring i dette språket.

Spørsmål? Ta kontakt med seksjonsleiar for FoU og analyse på Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa, Gerard Doetjes ([gerard.doetjes@fremmedspraksenteret.no](mailto:gerard.doetjes@fremmedspraksenteret.no) eller på telefon 41334419).

---

<sup>2</sup> Tala er anslag basert på statistikk frå Utdanningsdirektoratet supplert med tal frå Oslo kommune. Elevar som går opp som privatist men som held elevstatus på skulen sin, er inkludert i tala.